

FAU 21.01.2026

Tilstades: Eirik Skare (6.klasse), Jostein Fingarsen (4.klasse), Guro Evjen (7.klasse), Silje Ø. Håkonsrud (5.klasse), Håkon Olav Strøm Moen (3.klasse), Mona Ekse Lien (4.klasse) og Anne Kristin Thoen Haugen (1.klasse).

1. Godkjenning av innkalling.

Godkjent.

FAU fortsetter å bruke messenger-gruppa som arena for innkalling og kommunikasjon imellom dei planlagte møtene. Oppfordrar til å bruke vara om ordinær FAU-representant ikkje kan møte.

2. Saker frå foreldre i klassane:

a. Reduksjon av skjermbruk ved skulen / Smarttelefonfri barndom.

Saken gjeld spørsmål om kor mykje skjermtid som blir nytta i skuletid og moglegheit om å redusere bruk av læringsbrett ved lekser, både pga reduksjon av skjermtid + nettesikkerheit. Korleis stiller FAU seg til Smarttelefonfri barndom?

FAU:

IKT Hallingdal jobbar kontinuerleg med nettsikkerheit for at elevanes ipad/pc og har vorte mykje betre enn for nokre år sidan. Kontroll både i søkemotorar og ved nedlastning av appar.

Uklart for FAU kor mykje skjermbruk det er i kvar enkelt klasse. FAU oppfordrar foreldre til å evt ta dette med sin kontaktlærer dersom bruken opplevast uhensiktsmessig.

FAU tek opp med rektor bruk av skulen sine nettbrett/pc til lekser og om dette kan bli unngått. (leiar melder at dette vart bekrefta same kveld av rektor om at skulen sine nettbrett/pc ikkje skal nyttast heime og at melding blir sendt ut i Visma-app).

Når det gjeld Smarttelefonfri barndom ser ikkje FAU at dette er noko FAU på noverande tidspunkt kan ta stilling til i eit svart/kvitt-perspektiv. Bruk av smarttelefon/skjerm på fritida er foreldra sitt ansvar og kvar heim kan ha sine reglar. Nedre-Ål Skule er ein mobilfri skule og mobilar skal ikkje nyttast i skuletid.

FAU-leiar har vore i kontakt med FAU ved Gol skule. Der er det innført smarttelefonfribarndom, men dette er kun som anbefaling og eit val som blir gjort av den enkelte familie. For FAU Nedre-Ål er det då usikkert kor stor innverking dette har i praksis.

Uklart for FAU om kor mange som har behov/ynskjer dette og korleis bruk er i heimane.

FAU legg opp til å støtte mindre bruk av skjerm men at Smarttelefonfri barndom i fyrste omgang på avklarast på kvart trinn og at dette kan vere eit tema på foreldremøte i kvar klasse/trinn.

b. Trafikksituasjon på Skuletoppen

Innspel angående skuletoppen og at trafikksituasjonen der opplevast farleg, spesielt i «rushen» ved levering/henting. Etter at «øya» vart borte ifm arbeidet som vart gjort i haust, opplevast det endå meir farleg sidan borna ikkje lenger kan stå på øya og no kryssar vegen før dei hoppar inn i bilen. Bilar må stå og vente i Sundrevegen før dei får svinga inn og plukka opp. Blir det gjort nokon evaluering av løysinga?

FAU:

FAU forstår uroa til foreldre og ser det kan vere ei utfordring, spesielt ved dei travlaste tidene. Ein kan oppfordre til at borna i større grad går, sykklar osv, men dette let seg ikkje alltid gjere, spesielt ved skidagar osv. FAU kan ikkje gjera så mykje med denne saka, men tek den vidare til rektor og om dei har innspel til korleis dette kan gjerast anleis og om det blir gjort nokon evaluering av løysinga.

(FAU har i etterkant av møte fått beskjed om at det skal legges til rette for ei evaluering i løpet av våren).

3. Anne Kristin orienterte om at FAU skal bistå med pizzabaking til discofest. Dette skal skje dei to siste timane i skuletid fredag før påske.